



Notat

Dato: 23.01.2017
Arkivsak: 2016/4913-9
Saksbehandlar: bjomidt

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Gratis kollektivtransport ved innføring av beredskapstakstar i Bergen

Bakgrunn

«Forskrift om mellombelse auka bompenger takstar i Bergen kommune, Hordaland», frå 16.12.2016, heimla i Veglova §27 andre ledd gjev eit formelt grunnlag for at Bergen kommune kan innføra mellombelse auka bompenger takstar i Bergen som strakstiltak på dagar med høg luftforureining. I følgje §3 i forskrifa kan meirinntekter frå takstauken nyttast til dekking av kostnadene til dei tiltaka som kommunen og fylkeskommunen finn er naudsynte for å få ned biltrafikken i perioden det gjeld.

Fylkestinget har i sak 108/16, frå 13.12.2016, delegert mynde til fylkesrådmannen til å fastsetja kollektivtrafikk takstar i periodar der det er vedteke å ta i bruk mellombelse auka bompenger takstar (beredskapstakstar) i Bergen etter §27 i veglova - og Skyss har no utarbeida eit opplegg for gratis kollektivtrafikk på dagar med mellombelse bompenger takstar

Om opplegget for gratis kollektivtrafikk

Fylkesrådmannen legg opp til at gratis kollektivtransport berre skal omfatta enkeltbillettar, noko som vil avgrensa omfangen og kostnadane. Gratis kollektivtransport er definert slik:

- Gjeld alle typar enkeltbillettar, også klipp på Skysskort.
Gjeld bybane og alle busslinjer i Bergensområdet som går inn til og ut av Sone Bergen – rutepakke Nord, Sentrum, Sør, Vest, Osterøy og Nordhordland (bussar til og med 600-serien) - alle passasjerar reiser gratis, uansett reisestrekning.
- Gjeld bybåtane Kleppestø - Strandkaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen.
- Bør inkludera togstrekninga Arna-Bergen. Per i dag ligg det ikkje føre avtale mellom Skyss og NSB.
Gratis tog Arna - Bergen kan ikkje gjennomførast før ein slik avtale ligg føre.
- Dei som har gyldig billett frå før kan ikkje krevje refusjon/forlenging av periodekort.

Skyss har anslått kostnadane (inntektstap og styrking av kollektivtilbodet) til om lag 1,5 millionar kroner per dag. Anslaget er svært usikkert.

Økonomisk risiko ved innføring av beredskapstakstar

I samband med utarbeidingsa av det faglege opplegget for lokalpolitisk handsaming av beredskapstakstar, vurderte Statens vegvesen, i januar 2016, risikoen for mindreinntekter/meirkostnadene som konsekvens av auka takstar og redusert trafikk gjennom bomringen:

«*For at tiltaket skal gi mindreinntekter, må trafikkavvisningen ved femdobbel takst være over 80 %, altså nærmere dobbelt så høy som trafikkprognosene tilslører. Analysen indikerer dermed at det er lite sannsynlig at bompengelinntekten reduseres så mye at bompengeselskapet påføres økonomisk tap som følge av innføring av beredskapstakster. Det er tvert om stor sannsynlighet for at tiltaket vi gi merinntekter i bomringen som vil dekke øvrige kostnader ved gjennomføring av tiltaket.*»

Belønningsmidlar for å finansiera gratis kollektivtrafikk

Sjølv om det av Statens vegvesen er vurdert som lite sannsynleg at innføring av beredskapstakstar vil gje mindreinntekter i bomringen, er det høgst uvisst om beredskapstakstane vil kunna gje tilstrekkeleg høge meirinntekter til å finansiera gratis kollektivtransport i Bergen, som er aktuelt ved bruk av beredskapstakstar. For å dekka opp eventuelt bortfall av nødvendige auka bompengelinntekter, ser fylkesrådmannen det som aktuelt å finansiera gratis kollektivtransport ved bruk av belønningsmidlar. Belønningsmidlane for 2017 og ubrukte belønningsmidlar frå 2016 er fordelede som finansiering til drift eller pågående investeringstiltak.

Fylkesrådmannen har i brev frå 19.1.2017 bedt Bergen kommune ta stilling til om belønningsmidlar, ved eventuell inntektssvikt i bomringen på dagar med beredskapstakst, kan nyttast til å finansiera gratis kollektivtransport. Dersom Bergen kommune er positiv til dette, er Hordaland fylkeskommune klar til å sette i verk gratis kollektivtilbod på dagar med beredskapstakst. Samferdselsdepartementet har ikkje noko i mot at belønningmidlane vert omdisponerte, om det er tenleg for å oppnå måla i avtalen om belønningsmidlar. Nødvendige fylkespolitiske vedtak skjer i etterkant av tilbakemeldinga frå Bergen kommune.